

## Etter nokre negative avisoppslag kring asylmottaket på Klokkarvik, ville Norvald Glesnes endra det inntrykket. Men først og fremst ville han gje asylantane eit positivt inntrykk av regionen.

**KLOKKARVIK:** Det var ein spent gjeng som stod på kaien og venta på at kaptein Norvald Glesnes skulle koma med ferja. Den gamle moldeskøyta MS Gamle Opstad ga frisk oksygen til gamle minne om dieselmotor og fiske-skøyter med sin karakteristiske båtlyd. Asylantane frå mottaket på Klokkarvik kikka spent ut på sjøen medan dei yngste borna sprang kring med eit stort smil i andletet.

### Andre turen

Då kaptein Norvald Glesnes og dekksgut, Arthur Selstø, fekk båten frå kai fredag, var det den andre turen dei har arrangert for asylsøjarane på Klokkarvik.

– Været var verre på første turen, smiler Norvald.

– Ein del vart ganske sjøsjuke, fortset kapteinen med eit smil.

Denne fredagen var sjøen rolegare, og fleire av bebuarane på mottaket hadde ei von om å få fiska litt. Mange hadde aldri vore på sjøen før på desse turane.

– Me skal forsøka å fiska i dag, lovar kapteinen.

### Godt for kropp og sjel

Tiltakskonsulent på mottaket, Samhat Ibragimov storkoste seg på båtturen. Han har sjølv vore asylsøjar, men er no nordmann på heiltid.

– Eg har vore her i dryge seks år og er utdanna lærar. Eg budde på eit mottak i Florø i to år, og veit korleis det er. Ein slik tur er svært viktig, og kan vera god hjelp for asylsøjarane til å tenka på noko anna. Dei er veldig glade, ser du vel, smiler Samhat og kikkar kring i båten.

Apti Ahmadov frå Tsjetsjenia klarte ikkje venta til båten låg i ro. Han gjekk bakerst i båten og kasta ut snøret, i von om å få ein kjapp fisk på kroken.

– Eg elsker å fiska. Før fiska eg aldri. No kan eg ikkje få nok, og eg kunne tenka meg å verta fiskar, smiler Apti til Vestnytt.

Han er svært nøgd med å få vera med på denne turen.

– Dette er morosamt, smiler han før sluken nok ein gong vert kasta inn i etterdønningane av fiskeskøyta.

### Svært takksam

Audun Aasebø har ansvaret for Hero sitt mottak i Sund. Han er svært takksam for Glesnes sitt initiativ med båtturane.

– Dette er eit godt tiltak for asylsøjarane. Dei kosar seg rik-

tig godt. Me har fått svært gode attendemeldingar frå bebuarane på mottaket, seier Audun Aasebø.

Dei såg ut til å frysa litt vel mykje, men Zaira Ahmadova og Laila Ahmadova klaga ikkje på den kalde vinden.

– Nei, me frysa ikkje. Me er berre svært glade for å få vera med på denne turen, seier Zaira.

Begge venninnene føler seg svært godt mottatt i Klokkarvik, og har blitt glad i landet og innbyggjarane.

– Me føler oss svært velkomne, seier Laila.

### Våre nye naboar

– Dette er våre nye naboar i Klokkarvik, og me må gjera det me kan for å at dei skal føla seg velkomne i bygda. Eg føreslo til ordføraren (Albriggt Sangolt) at dersom kommunen betalte diesel-len, så skulle eg sørga for resten, seier Norvald Glesnes.

Det har vore viktig for kapteinen å gje asylsøjarane eit godt inntrykk av kommunen.

– Eg har ei von om at dei kjem til å hugse desse båtturane i framtida, seier Glesnes.

Kapteinen har merka interessa for dei to båtturane han har arrangert.

– Det kan nok verta ein båttur til, smiler han lurt.

Båten, MS Gamle Opstad, har han tenkt å gje eit nytt namn.

– Den skal heita MS Glesnes. Eg hadde planar om å kalla den for Gamle Glesnes, men då frykta eg at så mange ville ta feil av meg og båten, gliser Norvald Glesnes.

– Det er ei «sabba» skøyta, kjem det frå dekksguten Arthur.

### – Veit aldri kor eg er

Ein av asylsøjarane frå varmare strok tok til å glisa då Vestnytt presenterte seg.

– Veit du kor me er? Er me på veg sørover eller nordover?

Smilet hans vitna om ei nøgd sjel på båttur sørover mot Glesvær.

– Her i Norge veit eg aldri kor eg er. Her går sola opp på rare stader, og den går ned at heilt andre plassar enn det eg trudde den skulle gjera. Der eg kjem i frå, nær ekvator, går sola likt heile året, smiler vår nye landsmann.

Saman med resten av mottaket storkoste han seg på den gamle fiskeskøyta, som trass i båttypen, aldri har vore nytta som fiskebåt.



Båtturistane frå Klokkarvik var spente på om det var fisk å få i farvatnet utanfor Klokkarvik og Glesvær. Foto: Kai Svellingen-Flatekvål



Fisket lot venta på seg så lenge tåka låg tungt over sjøen, men nokre av våre nye landsmenn klarte ikkje venta og kasta ut i von om god fiskelukke.



Norvald Glesnes og Arthur Selstø har store planar for MS Glesnes.



Asylsøjarane frå Klokkarvik var svært nøgde med båtturen førre fredag.